

*NYTT
FRÅ*

INSTITUTT FOR INFORMATIKK

Nr. 28 18. desember 2009



God Jul

Innhald

Tekniske og administrative tenester i romjola
Resultattildeling 2010
Frida

Teknisk/administrative tenester i romjola Technical/administrative services between Christmas and New Year.

Mandag 28. desember vil Liljan Myhr være tilgjengelig mellom 9 og 15.
Alle andre dager i romjulen holdes administrasjonen stengt.

NB: Alle reiseregninger, fakturaer, bilag og refusjoner må leveres Tor Bastiansen senest mandag 21. desember om de skal inn i 2009-regnskapet

Vi i teknisk vil ha en på jobb den 21/12 og 28/12, ellers vil det være ingenørfri hos oss. Alle henvendelser går som vanlig til BRITA 84700.
It-avdelingen vil også ha nedbemanning i forbindelse med julefeiringen, men de vil ha noen på jobb frem til julaften og i hele romjulen.

Ellers vil vi minne om bloggen vår <http://techblog.ii.uib.no>, den vil alltid være oppdatert med informasjon fra oss.

On Monday 28th December Liljan Myhr will be available between 9 and 15.
All other days between Christmas and New Year, the administration will be closed.

NB: All travel claims, invoices, vouchers and repayments must be submitted to Tor Bastiansen no later than Monday 21st December if you want them to be part of the 2009 accounts.

We in the technical department will have one working the 21/12 and 28/12. The other days there won't be any engineers at informatics. All problems should be reported to BRITA (84700) as usual. For non-emergencies use <https://bs.uib.no>
The it-department will also have fewer peoples at work during the holidays, but there will always be someone there during the workdays.

We would like to remind you about our Blog <http://techblog.ii.uib.no>. It will always be up to date about important information from us at the technical staff.

Resultattildeling 2010

Ein del av budsjettildelinga frå fakultetet er resultatbasert. I 2006 var dette 6% av totalen, f.o.m. 2007 har det vore ein fast pott på 19,2 millionar. Potten er delt i fire like store deler som blir fordelt på grunnlag av avlagde studiepoeng, mastergradar, doktorgradar og publikasjonspoeng. I tabellen nedanfor er gitt Institutt for informatikk sin produksjon og prosentdel av fakultetsproduksjonen i åra 2004-2008 i dei ulike kategoriane.

Vi ser t.d. at i 2005-2007 var doktorgradsproduksjonen konstant på 6, men prosenten gjekk ned frå 9,2 til 7,3 sidan fakultetet totalt hadde ein auke frå 65 til 82. Resultattildeling er basert på medel over ein 3-årsperiode. Tildelinga for 2010 er basert på perioden 2006-2008. Vår del av premiemidlane har gått jamnt nedover frå 14,4% i 2006 til 13,4% i 2010, men det har variert mykje for dei ulike delane av potten. Premiemidlane utgjer ca. 6,8% av tildelinga vår for 2010, for dei andre institutta varierer det frå 3,9% til 6,2%.

Endring i tildeling i 2010 er avhengig av endra produksjon i 2008 samanlikna med 2005. Endringa er negativ for studiepoeng (10,2%→8,5%; tap 27.7000) og mastergradar (20,5%→10,4%; tap 160.000), positiv for doktorgradar (9,2%→15,5%, vunne 99.600) og publikasjonar (16,7%→21,6%; vunne 76.000). Samla er det eit mindre tap på om lag 12.000.


Vår produksjon:

	2004	2005	2006	2007	2008
Studiepoeng	136,9	122,7	117	99	98,8
Mastergrad	31	53	47	38,5	24
Doktorgrad	4	6	6	6	12
Pub.poeng	79,2	74,5	92,9	82,4	101,2

Vår del av fakultetet sin produksjon (tabell):

	2004	2005	2006	2007	2008
Studiepoeng	12,9	10,2	9,7	8,4	8,5
Mastergrad	16,0	20,5	18,8	16,3	10,4
Doktorgrad	7,0	9,2	8,2	7,3	15,2
Pub.poeng	18,6	16,7	19,0	17,3	21,6
Medel	13,6	14,2	13,9	12,3	13,9
3-års medel	14,4	14,2	13,9	13,5	13,4

Vår del av fakultetet sin produksjon (diagram):



Registrering av publikasjonar i Frida

Universitetet sin frist for registrering av publikasjonar er 1. februar 2010. For at vi skal få kontrollert registreringane vil eg be om at alle registrerer SEINAST 15. JANUAR 2010.

Merk:

- sjekk at publikasjonen ikkje alt er registrert
- arbeid skal registerast med SAME ADRESSE SOM I PUBLIKASJONEN
- dersom tidsskriftet ikkje er registrert hjå NSD, så send inn framlegg om registrering
<http://dbh.nsd.uib.no/kanaler/> frist er 31.12.2009
- registrering av vitenskaplege artiklar blir importerte frå databasen ITAR, men desse bør sjekkast. Importeringa ligg litt på etterskot slik at artiklar som er publisert seint i året må registrerast direkte.
- artiklar i konferanseproceedings blir normalt ikkje importert (unntatt artiklar i LNCS som er klassifisert som vitenskapleg tidsskrift).
Registrering av slike artiklar skjer i to steg:
 1. registrer proceedingsen som "vitenskapleg antologi" under "bok" (sjekk at boka ikkje alt er registrert)
 2. registrer artikkelen som "vitenskapelig kapittel/artikkel" under "Del av bok/rapport"


Registrering og meir informasjon:

<https://wo.uio.no/as/WebObjects/frida.woa/1/wa/registrering?inst=184>


Det er viktig for universitetet og instituttet (for resultatmidlar) at registreringa er komplett. Pr. 18.12.2009 er det registrert 74 teljande arbeid mot 150 i 2008, 111 i 2007 og 114 i 2006. Instituttet vil også i 2010 tildela ein del av driftsmidlane til gruppene basert på publikasjonar i 2009 registrert pr. 31.1.2010.

Publikasjon og sitering siste 20 år (frå Web-of-Science):

Published Items in Each Year



Citations in Each Year



Vi ser at for tidsskriftartiklar registrert i Web-of Science ser 2009 ut til å bli nest beste året vi har hatt (64 så langt i 2009; 2004 hadde 63 og 2006 hadde 77).

Totalt er det registrert 637 artiklar og 54564 siteringar sidan instituttet vart oppretta i 1984.